**Mental Helse Radøy og Austrheim**
v/ Linda Grindheim
Grindheimsvegen 231, 5936 Manger
tlf 92228974

Radøy kommune
v/ Barne- og familietenesta / Psykiatritenesten i Radøy
Radøyvegen 162B
5936 Manger

Gjenpart til:

RMNF- Råd for Menneske med Nedsatt Funksjonsevne
Rådmann

19. februar 2014

## Psykiatriplan i Radøy kommune - status

Mental Helse Radøy og Austrheim er opptatt av at brukarar og pårørande til brukarar innan psykisk helse får eit godt og fullverdig tilbod i kommunen.

Dei 2 siste åra har vi fått lite konkret tilbakemelding frå kommunen når vi etterspør kva planar kommunen har innan for psykiatrifeltet. Dette gjer oss bekymra. Særleg bekymra vert vi når vi i tillegg veit at meir av ansvaret er overført til kommunen via samhandlingsreformen.

Kommunen laga psykiatriplan i 2003 ( vedteken 17.10.2003) for perioden 2003-2006. I 2006 var den rullert med forlenging fram til 2010. Etter dette er det ikkje gjort noko med planen. Den har vorte eit "skuffedokument" som ikkje er aktuell eller i samsvar med slik det er idag. Vi saknar svar på:

- Kvifor har ein ikkje tatt tak i dette dokumentet?
- Når dykk tar tak i arbeidet med å revidera planen ( noko vi tar som sjølvsagt), korleis vi dykk sikra at brukarar og pårørande vert involvert i arbeidet?
- Framdrift for arbeidet.
- Har kommunen planar om dagtilbod for brukarar slik ein hadde tidlegare?

Vi vonar at kommunen kan koma med rask tilbakemelding om status.

Med venleg helsing
for
Mental Helse Radøy og Austrheim

Linda Grindheim
Linda Grindheim

TIL

ORDFØREN

JON ASKELAND.